# Fjaler kommune
# Økonomiplan 2020-2023



| | |
|---|---|
| 25.11.2019 | Formannskapet |
| 02.12.2019 | Formannskapet |
| 16.12.2019 | Kommunestyret |

1 Innleiing ........ 4
1.1 Hovudtrekk og utfordringar ........ 4
1.2 Profil i årsbudsjett 2019 og Økonomiplan 2019-2022 ........ 5
**1.3 Risikovurdering av økonomiplanen 2020-2022** ........ 6
2 Det kommunale styringssystemet ........ 9
3 Prioriterte satsingsområder ........ 10
3.1 Overordna mål for perioden ........ 10
Overordna mål for perioden ........ 10
4 Økonomiske råmer og finansielle tilhøve ........ 15
4.1 Inntekts-og formuesskatt, eigedomsskatt og rammetilskot frå staten ........ 15
5. Oppvekst ........ 20
5.1 Nye nasjonale satsingar, føringar og målsetjingar ........ 20
5.2 Rådmannen sitt budsjettframlegg ........ 20
5.3 Nye tiltak som er lagt inn i planperioden ........ 20
5.4 Tiltak som ikkje er lagt inn i planperioden ........ 20
6 Helse og Omsorg ........ 22
6.1 Nye nasjonale satsingar, føringar og målsetjingar ........ 22
6.2 Rådmannen sitt budsjettframlegg ........ 22
6.3 Tiltak som er lagt inn i planperioden ........ 22
7.4 Tiltak som ikkje er lagt inn i planperioden ........ 23
7 Tekniske tenester ........ 24
7.1 Nye nasjonale satsingar, føringar og målsetjingar ........ 24
7.2 Rådmannen sitt budsjettframlegg ........ 24
7.3 Tiltak som er lagt inn i planperioden ........ 24
7.4 Tiltak som ikkje er lagt inn i planperioden ........ 24
8 Fellestenester, administrasjon, landbruk og kultur ........ 25
8.1 Nye nasjonale satsingar, føringar og målsetjingar ........ 25
8.2 Rådmannen sitt budsjettframlegg ........ 25
8.3 Tiltak som er lagt inn i planperioden ........ 25
8.4 Tiltak som ikkje er lagt inn i planperioden ........ 25
9 Vedlegg ........ 26
9.1 Hovudoversikt drift ........ 26
9.2 Salderingsbudsjett ........ 27
10.3 Investeringsprogram 2020-2023 ........ 28
10.4 omtale Investeringsprosjekt ........ 30

10.5 Obligatoriske skjema ........................................................................................40

# 1 Innleiing

## 1.1 Hovudtrekk og utfordringar

Organisasjon:

No er det tilsett kommunalsjef på alle områder og ny struktur er på plass innan helse og omsorg.

Vi legg no fram ein økonomiplan på sektornivå jamf. nytt økonomireglement. Det vil sei at det er opp til kommunalsjef på dei einskilde områda å fordele si ramme ut på sine undereiningar. Kommunalsjef kan no gjennom året gjere justeringar og tilpasse drifta innfor sin sektor utan at det krev vedtak frå kommunestyret

Økonomi:

For 2020 fekk Fjaler kommune ein vekst i dei frie inntektene på 2,3%. Veksten for fylket og landet samla var på 2,2%, det vil sei at vi har ein vekst som ligg på snittet. Det vi må vere medviten om er at dette ikkje skuldast at kommunen har folketalsvekst som ligg på snitt med landet, men at auken skuldast at utgiftsbehovet i kommunen aukar. Sjå pkt 4 i heftet om utgiftsutjamning. Der kjem det fram at Fjaler kommune er 30,7% dyrare å drive enn snittet av kommunane i Noreg. Vi er blitt dyrare å drive frå 2019-2020

1. framlegg til budsjett frå einingane hadde ein underbalanse på kr 7,9 mill. Denne underbalansen aukar i planperioden og i 2022 er den på kr 14,9 mill. For å balansere budsjettet har vi teke ned einingane med kr 5,7 mill, dette tilsvarer ein reduksjon av driftsbudsjettet på 2,7%. Resten er saldert med utbyte frå SFE og inntekter frå Havbruksfondet. Elles er det ikkje brukt disposisjonsfond for å saldere budsjettet for 2020, men samla netto i planperioden brukar vi kr 2,3 mill av disposisjonsfondet for å saldere drifta. Vi må framover jobbe med tiltak for å redusere fondsbruken i økonomiplanen – det er ikkje berekraftig å finansiere drifta med oppsparte midlar.

I Planperioden er det budsjettert med inntekter frå Havbruksfondet, dette kan vere usikkert, men med dei signala som er gitt vurderer vi det som sannsynleg at kommunane vil få utbetalingar frå fondet også dei neste fire åra.

I regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett har dei føreslege at maksimal skattesats på eigedomsskatt vert redusert frå 5 til 4 promille i 2021. Dett er eit eksempel på at stortinget går inn å innskrenkar kommune si mulegheit til å ta inn inntekter utan å kompensere for dette over ramma. For Fjaler sin del betyr dette at vi må ta ned drifta med kr 1,1 mill eller finne andre finansieringskjelder.

Dette er eit stramt budsjett for einingane, men det er innanfor det vi meiner er forsvarleg. Det som er utfordringa er at her ikkje er handlingsrom, slik at dersom vi får endringar i behov har vi ingenting å gå på.

## 1.2 Profil i årsbudsjett 2019 og Økonomiplan 2019-2022

### 1.2.1 Økonomiske nøkkeltal

| | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| Netto driftsresultat (%) | 0,7 | 0,5 | 2,2 | 5,2 | 3,8 |
| Korrigert netto driftsresultat (%) | 1,04 | 6,16 | 5,01 | 2,7 | -0,015 |

**Netto driftsresultat** er driftsinntekter (skatt, statstilskot og gebyr) minus driftsutgifter (løn og varer/tenester) og renter og avdrag.

**Korrigert netto driftsresultat** er netto driftsresultat, justert for premieavvik og bruk av fond.

| | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinntekter | 70,52 | 76,87 | 77,85 | 84,4 | 88,8 |

Ordinære renter og avdrag på lån skal finansierast av driftsinntektene, og indikatoren viser langsiktig gjeldsbelastning i høve desse

### 1.2.2 Fond i planperioden

| Fond | R. nov-18 | Prognose R -19 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Bundne driftsfond | 20 843 | 22 005 | 20 863 | 18 655 | 17 947 | 16 639 |
| Utviklingsfondet | 6 800 | 4 299 | 17 399 | 17 399 | 17 399 | 17 399 |
| Disposisjonsfond | 21 714 | 14 537 | 6 687 | 7 101 | 11 687 | 13 744 |

### 1.2.3 – føresetnader som ligg til grunn i framlegget

1. framlegg til budsjett er basert på økonomiplan 2019-2022 og varige budsjettendringar i 2019, konsekvensjustert for endringar i behov, td tal klassar og tal brukarar innanfor dei einskilde tenesteområda.

**Løns og prisvekst**

Den samla løns- og prisveksten – kommunal deflator- er for 2020 på 3,1%

**Pris- og kostnadsvekst på kommunal tenesteyting**

Ved utrekning av realvekst i kommunesektoren sine inntekter i 2019 er det lagt til grunn ein pris- og lønnsvekst i kommunal sektor på 3,1% Dette byggjer på eit lønnsvekstanslag på 3,6% og prisvekst på varer og tenester på 2,2%

**Skatteøyre**

Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2019-2020 på 2,1%. Ved utarbeiding av prognosen for 2020 er det lagt til grunn ein forventa sysselsetjingvekst på 1% og lønsvekst på 3,6%

Skatteøyren skal fastsetjast ut frå ei målsetjing om at skatteinntektene for kommunane skal utgjere 40% av dei samla inntektene i 2020. Den kommunale skateøyren vert difor redusert med 0,45 prosentpoeng til 11,10%

**Arbeidsgjevaravgift**

Arbeidsgjevaravgifta er 10,6%

**Pensjon**

Kommunen har kollektive pensjonsordningar i KLP og SPK som sikrar dei tilsette ytingsbasert pensjon.

Undervisningspersonell har pensjonsordning i SPK, men resten av lønsmottakarane inkludert folkevalde har pensjonsordninga gjennom KLP. Pensjonsordninga omfattar alders- og uførepensjon med samla pensjonsnivå på 66% inkludert folketrygda. Pensjonsutbetalingane vert samordna med utbetaling frå NAV.

I budsjettframlegget er det nytta Følgjande pensjonssatsar:

- **KLP 18,5 % av lønsgrunnlaget**
- **SPK 11,91% av lønsgrunnlaget**

### 1.2.4 renteutvikling og avdrag

**Minste tillatte avdrag**

Fjaler kommune bereknar minste tillate avdrag etter forenkla formel. Avdraga vert berekna som sum langsiktig gjeld dividert på sum anleggsmiddel (jf koml. §50 nr 1 og 2)multiplisert med årets avskriving i driftsrekneskapen. Denne forenkla formelen gir eit minstekrav til avdrag som tilsvarer kapitalslitet på lånefinansierte anleggsmiddel.

Tabellen under viser utviklinga i avdragskostnadane i planperioden

| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Minste tillate avdrag | 11 000 | 12 200 | 12 600 | 12 300 |

**Renter i planperioden**

| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Rentesats | 1,85 | 1,99 | 1,94 | 1,9 |
| Rentebeløp | 5 800 | 7 230 | 8 079 | 7 755 |

## 1.3 Risikovurdering av økonomiplanen 2020-2022

I budsjettet for 2020 og økonomiplanen 2020-2023 er det ei lang rekkje usikre moment. Nokre er knytt til drifta, og er innan det vi kan kontrollere gjennom målretta arbeid, men ein stor del er og knytt til høve som ligg utanfor kommunen sin kontroll. I det følgjande vert ein del av dei største usikkerheitene drøfta, og, der det er mogleg, talfesta.

**Vekst**

Både kommuneplanen og økonomiplanen legg til grunn ei auke i folketalet på om lag 30 personar per år.

Inntektene frå innbyggjarane vert ikkje berre berekna ut frå tal innbyggjarar, men og ut frå vår del i høve andre kommunar og i høve fordeling innan kostnadsnøklane. Ein familie med to vaksne og to born i skulealder vil kunne utgjere (eks skatteinntekter) om lag 530 000 i inntekt, med enkelte atterhald.

Estimerer total risiko til mellom 1,5 millionar - 2,5 millionar

**Investeringar, rente og avdrag**

Med dette framlegget til investeringsprogram vil kommunen få stor auke i finansutgiftene dei komande åra. Når lånemassen aukar vil kommunen sjølvsagt vere meir sårbare i høve renteauke om vi ikkje har rentesikring på låneportefølja. Avdragsutgiftene vil auke, uavhengig av rentenivå. Det er ein risiko for at ein kombinasjon av høg gjeld og lite økonomisk handlingsrom kan føre til konsekvensar i tenestetilbodet til innbyggjarane. Men det er ikkje negativt i seg sjølv å ha gjeld. Dersom kommunen har føresetnadar for å handtere gjelda kan det vere rasjonelt å ha høgare gjeld. Det er heller ikkje eitt mål i seg sjølv at Fjaler kommune skal ha låg gjeld, dersom det gjer at ein ikkje tek i vare naudsynte utbyggingar eller rehabilitering av bygningsmassen.

Vi er begynt å førebu oss på at renta kjem til å auke ytterligare. Vi har det siste året teke opp lån med fastrente – andelen av lån med rentesikring vil forsette å auke i 2020

I 2020 vil gjeldsgrada til kommunen vere 128,1%. Dette er langt over anbefalt nivå. Utfordringa er at det er like dyrt å bygge ein ny skule i ein liten kommune som i ein stor. Det er difor ikkje uvanleg at små kommunar som må gjere slike store investeringar opplever å få ei høg gjeldsgrad – det som blir viktig er at vi i åra som kjem reduserer aktivitetsnivået for bremse gjeldsveksten.

**Pensjon**

Pensjonskostnadane til kommunane har auka mykje dei siste åra. Grunna lågt rentenivå har avkastninga på pensjonsmidlane vore lågare enn for ei tid tilbake. samstundes har ein hatt relativt god lønsvekst i offentleg sektor, dette er begge element som er med på å auke pensjonskostnadane.

Andre risikoelement når det gjeld pensjon er:

- ✓ Endring i kva som er pensjonsgjevande inntekt (t.d. Stillingsstorleik)
- ✓ Redusert amortiseringstid
- ✓ Nye soliditetskrav til eigenkapital i liveselskapa
- ✓ AFP –uttak
- ✓ Tal uføre og uføregrad
- ✓ Regulering levetid
- ✓ Ny pensjonsordning for offentlege tilsette

**Budsjettoppfølging og andre driftsutgifter**

Driftsråmene til einingane er særs stramme, etter fleire år med innsparingar.Samstundes har vi liten kontroll på tenestesida, og vi må yte tenester dersom det vert eit behov som oppstår i løpet av året. Med stoda i bygningsmassen vil vi og kunne oppleve at det oppstår utgifter og situasjonar som må dekkast inn/løysast fortløpande, til dømes utbetring av elektriske anlegg, lekkasjar m.v.

Ut frå erfaringar estimerer eg denne risikoen til 1 - 7,5 millionar kroner

Berekningsrisiko

Det er alltid ein viss risiko for at berekningar i budsjettet og økonomiplanen inneheld feil, utan at det vert oppdaga. Ut frå erfaringar er det snakk om mindre korrigeringar, om lag 0 til 1 000 000

**Skatt og rammetilskot**

Risikoen i planperioden er nedgang i folketalet, endring i dei demografiske føresetnadane og endring av kriterier i inntektssystemet frå sentralt hald. I tillegg til dette vil skjønsmidlane som blir tildelt av fylkesmannen kunne bli redusert i framtida.

Det som er avgjerande for kommunane dersom dei skal behalde og auke dagens inntekter er ein folketalsvekst som ligg på snitt eller over landet samla sett.

Skatteinntektene til kommunane vert påverka av den generelle veksten i den norske økonomien, og den lokale veksten i inntekter.

Auka arbeidslause i kommunen vil medføre lågare skatteinngang.

Risikoen er estimert til 5 000 000

**Flyktningar**

Året 2015 synte at føresetnadane kan endre seg raskt. Vi sto midt oppe i den største humanitære krisa sidan 2. verdskrig og mange kommunar fekk store utfordringar over natta. No er vi på motsett side av skalaen, det kjem lite aylsøkjarar til landet og mange kommunar har bygd ned mottaksapparatet sitt. Fjaler kommune har for 2020 blitt oppmoda om å ta imot 10 nye flyktningar. Vi er den einaste kommunen på vår størrelse i fylket som får mulegheit til å ta imot. Det seier noko om at vi arbeider godt opp mot denne gruppa og at dei fleste er komne i jobb eller utdanning etter at dei avslutta introduksjonsprogra

# 2 Det kommunale styringssystemet

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringssystem, og består på den eine sida av ein samfunnsdel med handlingsplan, og på den andre sida av ein arealdel (overordna arealplan og reguleringsplan). Planhierarkiet, og samhandlinga mellom dei ulike delane er vist i skissa nedanfor.

Kommuneplanen vert omsett i meir detaljerte planar, viktigast av desse er økonomiplanen. Økonomiplanen inneheld overordna målsettingar, økonomiplan og årsbudsjett. Planperspektivet er fire år, med årleg rullering. Økonomiplanen vil gjelde som handlingsdel for kommuneplanen, for å sikre ein heilskapleg prioritering.



# 3 Prioriterte satsingsområder

## 3.1 Overordna mål for perioden

### Overordna mål for perioden

Kommuneplanen sin samfunnsdel som vart vedteken i 2014 har følgjande mål for samfunnsutviklinga i Fjaler:

Overordna mål:

> **Fjaler kommune skal ha ein positiv folketalsvekst. Veksten skal i hovudsak skje i aldersgruppa 20-40 år. med ein årleg vekst i overkant av 1% og 15% innan 2025**

- ✓ Fjaler kommune skal vere ein god og trygg plass å bu med fokus på folkehelse og gode oppvekstvilkår
- ✓ Fjaler kommune skal ha vekst i næringslivet. Veksten skal skje i eksisterande verksemder og i nye arbeidsplassar
- ✓ Fjaler kommune skal ivareta innbyggjarane sin samfunnstryggleik
- ✓ Fjaler kommune skal redusere utslepp av klimagassar og miljøskadeleg stoff
- ✓ Fjaler kommune skal sikre ei berekraftig forvalting av naturressursane og ivareta viktig natur- og kulturlandskap
- ✓ Utbygging av hytteområde og enkelthytter skal ta omsyn til natur- og landskapsverdiar og ålmenta si tilgang til friluftsområder.
- ✓ Fjaler kommune skal jobbe for betre infrastruktur med hovudvekt på veg, overnattingskapasitet og gode kommunikasjonsløysingar (som mobil og fiber)
- ✓ Fjaler kommune skal styrke Dale som kommunesenter og skape ein levande tettstad

**Befolkningsutvikling**

| | Befolkning | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
| 1429 Fjaler | 2 838 | 2 846 | 2 909 | 2 832 | 2 871 | 2 853 | 2 823 | 2 830 | 2 862 | 2 846 | 2 770 |

Fjaler kommune har særleg tre utfordringar når det gjeld folketal. For det første har folketalet vore stabilt, men ikkje aukande, noko som gjer utslag på inntektssida. For at Fjaler kommune skal få kompensert for løns -og prisvekst i overføringane frå staten, må vi ha ei årleg auke i befolkninga på om lag 1%.

For det andre har vi ei sterk befolkningsauke i Dale. Stor befolkningsvekst er krevjande for ein kommune å handtere, og legg press på utbygging, sosial og teknisk infrastruktur. Det merkast og gjennom prispress og bustadmangel som gjer at kommunen får ei utfordring. Ei jamn tilgang på areal til bustadar og regulert areal til leilegheiter og bustadareal vil vere ei viktig oppgåve for Fjaler kommune i kommunestyreperioden.

For det tredje går folketalet ned i kommunen utanom Dale, og då særleg barnetala. Dingemoen skulekrins har om lag 57% av innbyggjarane i kommunen, men 67% av born i skulealder og 70% av barn i barnehagealder. Låge barnetal betyr og at vi vil få ein større relativ del av dei eldre buande utanom Dale, noko som ein må ta høgde for i planlegging av helsetilbodet i framtida.

| | Personer | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
| 14290201 Flekke/Espedal | 516 | 571 | 475 | 502 | 477 | 464 | 469 | 486 | 455 | 442 |
| 14290202 Hovlandsdal | 67 | 61 | 60 | 56 | 55 | 55 | 51 | 47 | 48 | 48 |
| 14290203 Guddal/Heggheim | 117 | 113 | 115 | 113 | 116 | 115 | 115 | 112 | 111 | 102 |
| 14290204 Øvre Vassdalen | 77 | 78 | 72 | 68 | 70 | 69 | 65 | 64 | 66 | 66 |
| 14290205 Nedre Vassdalen | 179 | 183 | 191 | 192 | 190 | 180 | 184 | 183 | 184 | 167 |
| 14290206 Bjerga/Bortheim/Jarstad | 508 | 519 | 516 | 517 | 516 | 519 | 515 | 530 | 549 | 528 |
| 14290207 Dale/Sletteland | 425 | 436 | 457 | 476 | 474 | 472 | 484 | 500 | 507 | 523 |
| 14290208 Sagevik/Yksnebjør | 261 | 267 | 271 | 270 | 263 | 274 | 300 | 300 | 303 | 284 |
| 14290210 Fure | 89 | 85 | 91 | 92 | 87 | 89 | 86 | 81 | 72 | 67 |
| 14290211 Folkestad | 75 | 73 | 79 | 75 | 76 | 71 | 72 | 71 | 71 | 73 |
| 14290212 Våge | 214 | 219 | 198 | 198 | 198 | 197 | 189 | 188 | 186 | 189 |
| 14290213 Lone | 119 | 126 | 121 | 114 | 118 | 118 | 114 | 119 | 119 | 120 |
| 14290214 Gjølanger | 150 | 151 | 154 | 155 | 154 | 149 | 140 | 144 | 138 | 127 |
| 14290215 Tyssedal | 28 | 24 | 26 | 34 | 37 | 36 | 35 | 32 | 35 | 32 |

*Folkemengd, etter grunnkrins (kjelde: SSB)*

For perioden 2018-2040 er estimatet frå SSB at Fjaler kommune vil ha ei vekst på 160 innbyggjarar, 200 mindre enn målsettinga i kommuneplanen. (For at vi skal kunne nytte tala har vi korrigert for auke i årskull, slik at dei ligg på det som har vore historisk gjennomsnitt.)

| | **2018** | **2020** | **2022** | **2024** | **2026** | **2028** | **2030** | **2032** | **2034** | **2036** | **2038** | **2040** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Framskriving** | 2846 | 2788 | 2777 | 2762 | 2763 | 2797 | 2825 | 2837 | 2877 | 2919 | 2965 | 3001 |
| **Mål** | 2869 | 2898 | 2927 | 2956 | 2986 | 3016 | 3046 | 3076 | 3107 | 3138 | 3170 | 3201 |

**Ein god og trygg plass å bu med fokus på folkehelse og gode oppvekstvilkår**

Vi har akkurat opna ny miniatyrskytebane i Dale, vi startar denne planperioden med ny barnehage på Våge. Det blir bygd nytt trimrom på Våge og i løpet av planperioden vil det stå ferdig ein ny 1-10 skule og kaldhall i Dale.

Vidare i planperioden er det sett av midlar til tettstadutvikling i Dale og forprosjekt som skal sjå på ny gravplass i Dale.

På Helseområdet ligg det blant anna inne midlar til eit forprosjekt som skal sjå bygging av heildøgnsbemanna omsorgsbustader og midlar til innføring av meir velferdsteknologi. Det siste er eit viktig punkt for at folk får bu så lenge som mogleg i eigen heim. – begge aktivitetane er realisering av tiltaka som er vedtekne i helsestrategien til Fjaler kommune.

**Vekst i næringslivet**

| | Sysselsatte personer etter arbeidssted | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
| 1429 Fjaler | 1 204 | 1 202 | 1 240 | 1 289 | 1 263 | 1 270 | 1 339 | 1 366 | 1 370 |

Fotnoter

***Kjelde: SSB Tabell: 07984: Sysselsette per 4. kvartal, etter arbeidsstad***

Fjaler kommune har siste ti åra hatt ein arbeidsplassvekst på 13,8%, det utgjer 166 nye arbeidsplassar. Vi har ikkje hatt ein auke i alle næringar, men særleg Helse og Sosialtenester, Bygg og anlegg og Informasjon og kommunikasjon kompenserer for reduksjon i andre næringar. Det er et høgt aktivitetsnivå i Fjaler for tida, med bygging både frå kommunal og privat side, slik at den sterke veksten i bygg og anlegg ser ut til å kunne fortsette ei stund til framover.

| | Sysselsatte personer etter arbeidssted | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
| 1429 Fjaler | | | | | | | | | |
| 01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske | 122 | 127 | 134 | 145 | 139 | 114 | 102 | 111 | 108 |
| 05-09 Bergverksdrift og utvinning | 0 | 3 | 0 | 0 | 3 | 3 | 3 | 0 | 0 |
| 10-33 Industri | 28 | 18 | 25 | 23 | 18 | 17 | 19 | 15 | 15 |
| 35-39 Elektrisitet, vann og renovasjon | 12 | 10 | 11 | 8 | 8 | 9 | 10 | 11 | 8 |
| 41-43 Bygge- og anleggsvirksomhet | 121 | 118 | 127 | 124 | 147 | 143 | 148 | 140 | 140 |
| 45-47 Varehandel, reparasjon av motorvogner | 115 | 111 | 114 | 129 | 126 | 120 | 130 | 131 | 138 |
| 49-53 Transport og lagring | 61 | 56 | 60 | 57 | 59 | 42 | 79 | 83 | 70 |
| 55-56 Overnattings- og serveringsvirksomhet | 11 | 15 | 15 | 10 | 15 | 16 | 25 | 14 | 16 |
| 58-63 Informasjon og kommunikasjon | 66 | 68 | 73 | 80 | 85 | 93 | 97 | 100 | 104 |
| 64-66 Finansiering og forsikring | 16 | 14 | 10 | 9 | 10 | 9 | 11 | 15 | 13 |
| 68-75 Teknisk tjenesteyting, eiendomsdrift | 42 | 36 | 38 | 43 | 45 | 53 | 59 | 48 | 51 |
| 77-82 Forretningsmessig tjenesteyting | 16 | 17 | 12 | 10 | 11 | 10 | 12 | 25 | 20 |
| 84 Off.adm., forsvar, sosialforsikring | 61 | 50 | 55 | 61 | 54 | 54 | 51 | 51 | 50 |
| 85 Undervisning | 178 | 184 | 185 | 179 | 171 | 179 | 177 | 193 | 201 |
| 86-88 Helse- og sosialtjenester | 329 | 344 | 348 | 378 | 342 | 375 | 383 | 406 | 408 |
| 90-99 Personlig tjenesteyting | 19 | 22 | 26 | 25 | 21 | 23 | 27 | 20 | 22 |
| 00 Uoppgitt | 7 | 9 | 7 | 8 | 9 | 10 | 6 | 3 | 6 |

***Kjelde: SSB Tabell: 07984: Sysselsette per 4. kvartal, etter arbeidsstad og næring, endring 2010-2018***

Frå Fjaler kommune si side vert det i planperioden viktig å støtte opp om nye bedrifter, men vel så viktig vert det å støtte opp under eksisterande verksemder. For at dei bedriftene skal vekse og utvikle seg i Fjaler er tiltak på samfunnsutviklingsnivå viktig. Her kan nemnast:

- ✓ Infrastruktur: FV 57, Bringeland, Fiber, Telefoni
- ✓ Utdanning: Støtte opp om Dale vidaregåande og Høgskulen på Vestlandet
- ✓ Attraktivitet for til- og tilbakeflyttarar
  - Tomter og bustadar
  - Skule, barnehage

## Samfunnstryggleik

Kommunane har dei siste åra fått nye oppgåver og eit større ansvar for å beskytte liv, helse, miljø, materielle verdiar og kritisk infrastruktur. I planperioden er det lagt inn til saman kr 1,4 mill for sikring av bruer og vegar, kr 1,2 mill i trafikktryggingstiltak og kr 1,2 mill til gatelys. Det er utarbeidd faresonekartlegging av Dale sentrum og elvane i samband med områderegulering Dale og prosjektering av gravplass. Det er ikkje lagt inn midlar til eventuelle utbetringar i etterkant av denne. Det er i tillegg sett av kr 0,3 mill til forprosjekt på gravplass. Flaumsikring av elva må sjåast i samanheng med ny gravplass.

### Klima og miljø

Klima og miljø har vore, og vil vere, eitt av fokusområda ved nybygg og rehabilitering. I hovudsak vil mykje av pengane verte brukt slik at ein utbetrar inneklimaet, får meir økonomiske og meir miljømessige oppvarmingssystem og bygningsmessige tiltak reduserer energibruken. Det er ikkje lagt inn tiltak for elektrifisering av bilpark eller andre stønadsordningar, men vi skal jobbe med ei utgreiing på dette med meir elbilar og utfasing av fossile bilar. Det er i tillegg sett av midlar i 2020 til å få utarbeidd ein ny klima- og miljøplan for kommunen.

### Infrastruktur

Det er sett av kr 2 mill årleg til asfaltering av kommunale vegar, samla kr 8 mill i planperioden.

Det er sett av kr 1 mill årleg som skal vere den kommunale eigenandelen i utbygging av tele og breiband i kommunen

### Styrking av  Dale som kommunesenter og skape ein levande tettstad

Fjaler kommune har vedteke at Dale skal vere ein levande tettstad med urbane kvalitetar der folk både jobbar og bur. Å skape liv i sentrum utover butikkane si opningstid er ei prioritert oppgåve. For å få det til må ein legge til rette for både busetnad, næringsaktivitet og kultur- og fritidstilbod i sentrumskjerna. Det vert komande år utarbeidd områderegulering for Dale sentrum. Det er sett av kr 0,65 mill til eit forprosjekt på tettstadutvikling i Dale. Hovudprosjektet er lagt inn i 2021 med kr 3,5 mill

# 4 Økonomiske råmer og finansielle tilhøve

## 4.1 Inntekts-og formuesskatt, eigedomsskatt og rammetilskot frå staten

| | |
|---|---|
| Anslag skatteinntekter | 84 229 000 |
| + | |
| Totalt rammetilskot | 125 250 000 |
| + | |
| Anslag frie inntekter | 209 479 000 |

**Inntekts- og formueskatt**

Skatteinntektene, inkludert inntektsutjamninga er estimert til 84 229 000 i 2020. Ettersom skatteinntektene for 2019 ikkje er kjent før i januar 2020 er anslaget basert på nivået på skatteinntektene i 2018. Dette er framskrive i tråd med veksten i det samla skatteanslaget, slik at ein føreset ein lik skattevekst per innbyggjar.

**Rammetilskot**

*Slik vert det samla rammetilskotet berekna*

| | 2020 | 2019 | 2018 |
|---|---|---|---|
| Innbyggjartilskot før omfordeling | 69 682 000 | 68 940 000 | 67 406 000 |
| Omfordeling: | | | |
| Utgiftsutjamning | 46 830 000 | 43 614 000 | 41 914 000 |
| Korreksjon for elevar i statlege og private skular | 1 666 000 | 1 470 000 | 1 290 000 |
| Tilskot med særskilt fordeling | 1 508 000 | 948 000 | 867 000 |
| Inntektsgarantiordninga (INGAR) | -150 000 | 856 000 | 1 876 000 |
| Regionalpolitiske tilskot: | | | |
| Distriktstilskot Sør- Norge | 4 114 000 | 3 990 000 | 4 435 000 |
| Skjønsmidlar | 1 600 000 | 1 700 000 | 2 300 000 |
| **Totalt rammetilskot** | **125 250 000** | **121 518 000** | **120 088 000** |

**Innbyggjartilskot:**

Innbyggjartilskotet vert først fordelt med eit likt beløp pr innbyggjar. For 2020 er dette berekna til å vere kr 25 08

Korreksjon for elevar i statlege og private skular:

Enkelte kommunar har elevar i statlege og private grunnskular. Trekkordninga gjer at desse kommunane vert trekt eit gitt beløp per elev som dei yt grunnskuletenester til. Summen av trekk frå kommunar med elevar i statlege og private skular vert fordelt ut att til alle kommunane i landet etter kommunen sin del av berekna utgiftsbehov (kostnadsnøkkelen).

For Fjaler kommune vert dette utslaget:

| | | |
|---|---|---|
| | Trekk for elever i statlege og private skular | 0 |
| + | Landssum fordelt etter kostnadsnøkkelen | 1 666 000 |
| = | Omfordeling statlege og private skular | 1 666 000 |

Tilskot med særskilt fordelig:
Nokre einskilde saker vert ikkje fordelt etter inntektssystemet sine ordinære kriterier, men vert gjeve i ei særskild fordeling.

Saker med særskild fordeling for Fjaler kommune i 2020 er :

| **Sak** | **Fordeling beløp** |
|---|---|
| Helsestasjon/ Skulehelsetenesta | 554 000 |
| Lærartettleik | 527000 |
| Frivilligsentralar | 427 000 |
| Sum tilskot med særskilt fordeling | 1 508 000 |

Inntekstgarantiordninga (INGAR)
Dette tilskotet skjermar kommunar mot brå nedgang i rammetilskotet frå eit år til eit anna. Tilskotet fungerer slik at det tek lang tid før større endringar får fullt gjennomslag i inntektssystemet, medan det tek kortare tid for mindre endringar. Sidan INGAR er ei ordning for omfordeling, er alle kommunane med på å finansiere tilskotet med eit likt beløp pr. innbyggjar. Ingen kommune skal ha ei vekst i rammetilskotet frå eitt år til det neste som er lågare enn 400 kroner under veksten på landsbasis, målt i kroner per innbyggjar.

Veksten i rammetilskotet frå 2019 til 2020 er på landsbasis 669 kroner per innbyggjar. Det betyr at at kommunar som har ein vekst i rammetilskotet som er lågare enn 269 kroner pr innbyggjar, vil bli kompensert opp til denne vekstgrensa

Fjaler kommune sin vekst i rammetilskotet frå 2019 til 2020 er 985 kroner per innbyggjar, og kommunen får difor 0 kroner per innbyggjar gjennom inntektsgarantiordninga.

Alle kommunar er med å finansiere inntektsgarantiordninga og vert trekt med eit likt beløp pr. innbyggjar. For 2020 er trekket på kr -54 pr innbyggjar.

Skjønsmidlar
Skjønsmidlar vert nytta for å kompensere kommunar for spesielle lokale tilhøve som ikkje vert fanga opp i den faste delen av inntektssystemet. Skjønsmidlane er for 2020 sett til kr 1 084 000 000 for alle kommunane i Noreg. Fjaler kommune får for 2020 eit skjønstilskot på kr 1 600 000, dette er ein reduksjon i høve 2019 på kr 100 000 .

Tildelinga skjer fylkesvis, det vil sei at det er fylkesmannen som tildeler til kommunane.

*Tal i heile tusen*

| År | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Beløp** | 2 450 | 3 100 | 3 100 | 2 300 | 1 700 | 1 600 |

**Utgiftsutjamning**

Gjennom utgiftsutjamning vert rammetilskotet til dei kommunane som er lette å drive redusert, og dei relativt sett tungdrivne får ekstra overføringar. Dette vert gjort gjennom berekning av ein behovsindeks. Tabellen under syner kva faktorar som er med, og utrekninga av behovsindeksen for Fjaler kommune. Menneska i tabellen syner verdien på kriterieindeksen. Den tredjedelen av kommunane som ligg nærmast landsgjennomsnittet på kvart kriterie er vist med eitt menneske, den neste tredjedelen er vist med to menneske osv. Fjaler kommune har for 2020 ein indeks på 1,3074, noko som betyr at kommunen er 30,74 % meir tungdriven enn snittet av kommunane i Noreg.

| Kriterium | Vekt | |
|---|---|---|
| Innbyggere 0-1 år | 0,0056 | 0,8267 |
| Innbyggere 2-5 år | 0,1374 | 0,8837 |
| Innbyggere 6-15 år | 0,2615 | 1,1120 |
| Innbyggere 16-22 år | 0,0233 | 1,4075 |
| Innbyggere 23-66 år | 0,1053 | 0,8457 |
| Innbyggere 67-79 år | 0,0565 | 1,3111 |
| Innbyggere 80-89 år | 0,0772 | 1,4353 |
| Innbyggere 90 år og over | 0,0389 | 1,0225 |
| Landbrukskriterium | 0,0021 | 4,6697 |
| Reiseavstand til nærmeste sonesenter | 0,0102 | 3,4478 |
| Reiseavstand til nærmeste nabokrets | 0,0102 | 3,2637 |
| Gradert basiskriterium | 0,0161 | 6,3523 |
| Innvandrere 6-15 år | 0,007 | 1,0104 |
| Dødelighet | 0,0458 | 1,3394 |
| Barn 0-15 år med enslig forsørger | 0,0177 | 0,7422 |
| Lavinntektskriteriet | 0,0111 | 1,2388 |
| Uføre 18-49 år | 0,0065 | 0,7672 |
| Flyktninger uten integreringstilskudd | 0,0084 | 0,1135 |
| Opphopningsindeks | 0,0096 | 0,2066 |
| Psykisk utviklingshemmede 16 år og over | 0,0491 | 3,1691 |
| Ikke-gifte 67 år og over | 0,0458 | 1,3430 |
| Barn 1 år uten kontantstøtte | 0,0168 | 0,7137 |
| Innbyggere med høyere utdanning | 0,0184 | 0,8415 |
| Aleneboende 30-66 år | 0,0195 | 0,8047 |

## Eigedomsskatt

Eigedomsskatt er ein kommunal skatt som vert skriven ut i samsvar med lov om eigedomsskatt til kommunane, samt vedtekter godkjent av kommunestyret.

Eigedomsskatt vart innført for alle eigedomar i Fjaler kommune med verknad frå 2011

| **Eigedomsskatt** | **2020** | **2021** | **2022** | **2023** |
|---|---|---|---|---|
| Hus, hytter og ubebygd grunn | 5 860 | 4 688 | 5 688 | 5 688 |
| Næring, verk og bruk | 2 143 | 2 090 | 2 037 | 1 984 |
| Nyetablering | 30 | 40 | 40 | 40 |

I budsjettframlegget er satsen for næring sett til 7 promille, dette er uendra frå 2019. På hus og hytter er satsen sett til 5 promille.

Det er vedteke for 2020 at maksimal skattesats for eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedomar blir redusert frå 7 til 5 promille, for 2020 er det framlegg om at denne satsen ytterlegare vert redusert til 4 promille. Dette er innarbeidd i økonomiplanen.

I 2019 gjorde Stortinget vedtak om å fjerne kommunane sin moglegheit til å skrive ut eigedomsskatt på verk og bruk. Endringa inneber at produksjonsutstyr og installasjonar ikkje lenger skal reknast med i grunnlaget for utrekning av eigedomsskatt.

Endringa omfattar ikkje kraftindustri.

Dei vedtok ei nedtrapping på 5 år slik at kommunane får tid til å omstille seg. Eigedomsskatten på verk og bruk (med unntak av kraft) er difor redusert med 20% årleg i planperioden. Samla sett fører dette til ein reduksjon i inntekta på kr 0,27 mill. kr for Fjaler kommune.

I 2021 må ein gjennomføre ei allmenn taksering av eigedomane, då er det 10 år sidan vi innførte eigedomsskatt. Det er lagt inn ein auke i inntektene på kr 1 mill frå 2022 som ein konsekvens av dette.

# 5. Oppvekst

## 5.1 Nye nasjonale satsingar, føringar og målsetjingar

- ✓ Barnehage
  - Maksimal foreldrebetaling aukar med kr. 95 per månad frå 01.01.20
  - Vidareføring av midlar til symjeopplæring for barnehagebarn
- ✓ Skule
  - Nasjonale satsar for SFO gjeldande makssatsar -> redusert inntekt i foreldrebetaling
  - Held fram med midlar til tidleg innsats. Brukt til auka pedagogtettleik 1 . -4. klasse
  - Vidareføring av midlar til vidareutdanning av lærarar, samt lærarspesialistar.
  - Fagfornyinga - nye læreplanar
- ✓ Flyktningteneste
  - Midlar til symjeopplæring for minoritetsspråklege elevar
  - Faste overføringar. Integreringstilskot, tilskot til norskopplæring for vaksne innvandrarar. Tilskot til opplæring i norsk. norsk kultur og norske verdiar for asylsøkjarar.

## 5.2 Rådmannen sitt budsjettframlegg

| Ansvar | R 2018 | B 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **200 – 350 oppvekst og flyktning** | 73 614 | 73 704 | 73 226 | 72 028 | 70 354 | 70 354 |

## 5.3 Nye tiltak som er lagt inn i planperioden

- ✓ Oppstart 2020 ny barnehage Våge.
- ✓ Ny 1 -10 skule i Dale
- ✓ Auka makspris foreldrebetaling i barnehage
- ✓ Omgjering av nokre assistent-/fagarbeidarstillingar til miljøarbeidarstillingar i barnehage og skule
- ✓ Mottak nye 10 nye flyktningar i 2020

## 5.4 Tiltak som ikkje er lagt inn i planperioden

- ✓ Generell styrking
  - Vi held oss til same utrekningsmal i høve pedagogtettleik i skule som tidlegare.
- ✓ Ekstraressurs og ekstramidlar i høve nye læreplanar i skule

**Vedlikehaldsutgifter**

- ✓ Fjaler kommune har brukt noko midlar på vedlikehald dei siste åra, her m.a. til tak og vindauge Våge skule og solskjerming og nytt dusjanlegg Flekke skule. Behovet for vedlikehald vil fortsatt vere stort, i alle fall der det ikkje er nybygg. Under er nemnt det som er mest trong for, men som ikkje er lagt inn i investeringsprogrammet per i dag.
  - Utskifting av varmeomnar på gammalt bygg Yksnebjør
  - Flisete og utslite golv og scene på avdeling Borgen på Yksnebjør
  - Lysarmatur Guddal skule
  - Låsesystem Guddal skule

- Septiktank Guddal skule
- Deler av kledning nord-vest Flekke skule
- Lakkering golv gymsal Flekke skule
- Dissestativ barnehage og skule
- Lysarmatur i klasserom Våge skule
- Dører til toalett Våge skule

### Strukturkostnader

- ✓ Samlokalisering av skulane i Dale frå hausten 2021

# 6 Helse og Omsorg

## 6.1 Nye nasjonale satsingar, føringar og målsetjingar

- ✓ Frå 1. januar 2020 er det lovfesta at alle kommunar skal ha psykolog.
- ✓ Opptrappingsplan for rus – midlane kjem som ein del av veksten i dei frie inntektene
- ✓ Satsing på helsestasjon og skulehelseteneste blir vidareført.
- ✓ Kommunane vil frå 1. januar 2020 ha plikt til å tilby dag aktivitetstilbod til heimebuande personar med demens – dei øyremerkte midlane til området er frå 2020 innlemma i rammoverføringane.
- ✓ Ressurskrevjande tenester:
    - o Innslagspunktet aukar til kr 1 361 000 – ein auke på kr 50 000 utover lønsvekst
    - o Uendra kompensasjonsgrad på 80%
- ✓ Kompensasjon for endringar i regelverket for arbeidavklaringspengar – kommunane blir kompensert over ramma for ein auke i pårekna meirutgift til økonomisk sosialhjelp.
- ✓ Tilskot frå Husbanken til tilpassing og etablering er innlemma i ramma frå 2020

## 6.2 Rådmannen sitt budsjettframlegg

Det siste året har Fjaler kommune jobba med ein helsestrategiplan. Planen viste at det var naudsynt med ny organisering for å møte utfordringane i åra som kjem. Frå 04. november 2019 er helse og omsorg blitt ei stor eining med fylgjande tenester: Fellestenester, heimetenester, sjukeheim, miljøteneste, helsetenester, barnevern og NAV.

Dei ulike einingane skal yte forsvarlege og individuelt tilpassa tenester til barn, unge og vaksne ut frå gjeldande lovverk.

| Ansvar | R 2018 | B 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 400-406 | 94 843 | 98 315 | 107 769 | 107 080 | 107 080 | 107 080 |

I fleire av einingane har behovet endra seg. Det er behova som styrer tenestene våre og desse er i kontinuerleg endring. Tal pasientar/brukarar er stadig i endring og det er mange uføresette moment  i budsjettet.

Ny organisering gjere at det vil bli feil å samanlikne rekneskap -18 og budsjett -19 med framlegg til økonomiplan. Ny struktur har fokus på tydlegare leiing og at leiarane skal ha eit mindre kontrollspenn. Ny organisering krev også tilpassa lokale og noko nytt inventar og utstyr. Dette gjev auka kostnader for 2020, men vil gje organisasjonen betre rusta til utfordringane framover.

## 6.3 Tiltak som er lagt inn i planperioden

- ✓ 1 stilling som ruskoordinator – blir finansiert med rusmidlar
- ✓ Ny leiarstruktur og organisering er lagt inn i budsjettet
- ✓ Fellesprosjekt med utviklingssenteret i SFJ på velferdsteknologi
- ✓ Innføring av digitale søknader på økonomisk sosialhjelp og elektronisk arkiv på NAV

## 7.4 Tiltak som ikkje er lagt inn i planperioden

| Eining | Tiltak | Kostnad |
|---|---|---|
| **Vevang dagsenter** | Treng ei stilling til aktivisering | Kr 600 000 |
| **Helse og omsorg** | Avsett midlar til å jobbe med ressursgrupper innan ernæring, demensomsorg, diabetes, kvardagsmeistring og kreft | Kr 500 000 |
| **Heimeteneste Fysioterapi/ergoterapi** | Tilsetje ein fysioterapeut/ergoterapeut som kan jobbe direkte i heimetenesta med brukarar | Kr 850 000 |
| **NAV Fjaler** | Mottak av flyktningar gir behov for ekstra ressursar/stilling til oppfølging mot arbeid både i og etter avslutta introduksjonsprogram. Denne ressursen ville også ha auka kapasiteten på økonomisk rettleiing/gjeldssaker, som er ei pliktig kommunal teneste. Per i dag har ikkje kontoret kapasitet til å jobbe førebyggande, og ta unna aukande saksmengd raskt nok. | Kr 600 000 |

# 7 Tekniske tenester

## 7.1 Nye nasjonale satsingar, føringar og målsetjingar

## 7.2 Rådmannen sitt budsjettframlegg

| Ansvar | R 2018 | B 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 400-406 | 9 699 | 10 270 | 9 582 | 9 582 | 9 582 | 9 582 |

**Auke i vedlikehald av grøntareal/ gartnararbeid**

## 7.3 Tiltak som er lagt inn i planperioden

Prosjektleiarstilling som vart oppretta i 2019, der 20% var knytt til drlft og 80% til prosjektleiing er endra til fordeling til 50/ 50 drift og investering. Det vil sei at driftsbudsjettet er auka med 30% stilling. Det skuldast stort behov for administrativ leiing knytt til forvaltning, drift og vedlikehald av bygg og eigedom

Det er lagt inn midlar til utarbeiding av klima- og miljøplan

## 7.4 Tiltak som ikkje er lagt inn i planperioden

Driftsbudsjettet for kommunale vegar er redusert med kr 150 000 i 2020, noko som vil medføre ein reduksjon i vedlikehald av kommunale vegar. Auka kostand til vegvedlikehald som følgje av opptak av nye kommunale vegar er ikkje budsjettert. Kostnadsauke for vedlikehald av kommunale vegar er stipulert til kr 500 000 for dei vegane som har søkt opptak pr oktober 2019 og kr 800 000 dersom alle vegar som kan søkje blir tatt opp til kommunal veg.

Det er stort etterslep på vedlikehald av kommunale bygg. Fjaler kommune nyttar lite av driftsbudsjettet til vedlikehald. Etter anslag frå Agenda Kaupang må ein auke driftsbudsjettet med kr 500 000 årleg for å stoppe vedlikehaldsetterslepet, meir dersom ein ynskjer å redusere etterslepet. Budsjettert ramme dekkar ikkje behov for vedlikehald og etterslepet vert stadig større. Dette medførere at det på sikt vert behov for større rehabilitering grunna lite vedlikehald.

# 8 Fellestenester, administrasjon, landbruk og kultur

## 8.1 Nye nasjonale satsingar, føringar og målsetjingar

- ✓ Det er framlegg om å overføre ansvaret for skatteinnkrevjinga frå kommunane til skatteetaten frå 1. juni 2020
- ✓ Tilskot til frivilligsentralar vart innlemma i ramma frå år 2017 – midlane blir gitt som særskilt fordeling i ramma for 2020 med utgangspunkt i det øyremerka tilskotet for 2016. Frå 2021 vil tilskotet bli fordelt etter ordinære kriterier i inntektssystemet.
- ✓ Maksimal skattesats på eigedomsskatt ( bustad- og fritid) vert redusert frå 7 til 5 promille frå 2020
- ✓ Maksimal skattesats på eigedomsskatt (bustad og fritid)blir redusert frå 5 til 4 promille frå 2021

## 8.2 Rådmannen sitt budsjettframlegg

| Ansvar | R 2018 | B 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 100,500,650 | 17 276 | 21 562 | 21 184 | 21 184 | 21 184 | 21 184 |

Avviket mellom rekneskap og budsjett på dette området skuldast at lønsauken for heile kommune er budsjettert her og fordelt gjennom året, dvs at den ligg i budsjett men ikkje i rekneskapen.

## 8.3 Tiltak som er lagt inn i planperioden

- ✓ Årleg tilskot på kr 0,4 mill til Jakob sande selskapet
- ✓ Auka driftsmidlar til drift av nybygg ved Fjalerhallen
- ✓ Forskottering av mva og spelemidlar til Kaldhall – prosjekt ikkje starta opp i 2019 slik som tenkt midlane blir overført til 2020
- ✓ Kostnad til skatteoppkrevjar er berre budsjettert fram til juni

## 8.4 Tiltak som ikkje er lagt inn i planperioden

**Auka bemanning . Vi har ikkje dedikerte ressursar innan ein del områder, mellom anna**

- ✓ Innkjøp
- ✓ Eigedomsforvaltning
- ✓ Oppfølging av kommuneplan og sentrumsutvikling

**Midlar til avlevering og digitalisering av arkiv**

Det meldt inn ynskje om midlar til innlevering og digitalisering av eldre byggesaksarkiv. Vi Sende 10 meter i 2018, men her er framleis mykje som står igjen.

# 9 Vedlegg

## 9.1 Hovudoversikt drift

### Hovudoversikt

| | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|
| *(Tal i 1000 kr)* | **2020** | **2021** | **2022** | **2023** |
| Skatt på inntekt og formue | -68 045 | -68 045 | -68 045 | -68 045 |
| Rammetilskot | -140 975 | -140 975 | -140 975 | -140 975 |
| Eigedomsskatt | -8 033 | -6 818 | -7 765 | -7 712 |
| Andre generelle statstilskot | -5 380 | -1 830 | -9 680 | -2 430 |
| **SUM FRIE INNTEKTER** | **-222 433** | **-217 668** | **-226 465** | **-219 162** |
| Renteinntekter | -6 077 | -6 200 | -6 300 | -6 250 |
| Renteutgifter lån | 5 800 | 7 230 | 8 079 | 7 755 |
| Andre finsutgifter | 183 | 183 | 183 | 183 |
| **Netto renteutgifter/-inntekter** | **-94** | **1 030** | **1 779** | **1 505** |
| Avdragsutgifter eksisterande lån | 11 000 | 12 200 | 12 600 | 12 300 |
| **Netto avdragsutgifter** | **11 000** | **12 200** | 12 600 | 12 300 |
| **NETTO RENTE- OG AVDRAGSUTGIFTER** | **10 906** | **13 230** | **14 379** | **13 805** |
| **TIL FORDELING** | **-211 527** | **-204 438** | **-212 086** | **-205 357** |
| Rådmann, kultur og LAF | 21 184 | 21 184 | 21 184 | 21 184 |
| Oppvekst | 73 226 | 72 028 | 70 354 | 70 354 |
| Helse og Omsorg | 107 769 | 107 080 | 107 080 | 107 080 |
| Teknisk kontor | 9 582 | 9 582 | 9 582 | 9 582 |
| **Sum fordelt til driftsråmer** | **211 761** | **209 874** | **208 200** | **208 200** |
| Avsetjing til disposisjonsfond | | | 3 886 | |
| Utlån foskottering mva og spelemidlar kaldhall | 8 650 | | | |
| Bruk av disposisjonsfond | -8 650 | -3 936 | | -2 243 |
| Bruk av flyktningfond | -234 | -1 500 | | -600 |
| **Netto disposisjonar** | **-234** | **-5 436** | **3 886** | **-2 843** |
| **Balanse** | **0** | **0** | **0** | **0** |

## 9.2 Salderingsbudsjett

| Ansvar | Tiltak | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| 100 | Rådmanne, kultur og LAF 3% | 457 | 457 | 457 | 457 |
| 200 | Oppvekst 2,39% | 1 835 | 1 835 | 1 835 | 1 835 |
| 200 | Innsparing redusert barnetal og redusert spes ped | | 681 | 1 633 | 1 633 |
| 200-270 | Effekt av samlokalisering skulane i sentrum | | 517 | 1 239 | 1 239 |
| 400-406 | Helse og omsorg 2,82 % | 3 133 | 3 133 | 3 133 | 3 133 |
| 400-406 | Effektivisering 1 stilling Velferdsteknologi | | 639 | 639 | 639 |
| | Leigeinntekter helse | 50 | 100 | 100 | 100 |
| 600 | Teknisk kontor 3% | 296 | 296 | 296 | 296 |
| | | | | | |
| **Sum ansvar 200-272** | | **5 771** | **7 658** | **9 332** | **9 332** |
| Samla endring, ekskl. skatt | | | | | |
| 900 | Utbyte frå sogn og Fjordane Energi | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| 900 | Havbruksfond | 4 200 | 650 | 8 500 | 1 250 |
| 900 | Renteutgifter lån | | | | |
| 900 | Avdrag | -500 | | | |
| 900 | Bruk av flyktningfond | -1 566 | 1 500 | | 600 |
| | Avsetnad | | | -3 886 | |
| 900 | Bruk disposisjonsfond | -1 000 | 3 936 | | 2 243 |
| 900 | Netto endring Finans | 2 134 | 7 086 | 5 614 | 5 093 |
| | Sum drift og finans | 7 905 | 14 744 | 14 946 | 14 425 |

## 9.3 Investeringsprogram 2020-2023

| Prosjekt | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| **Veg og anna infrastruktur** | | | | |
| Asfaltering kommunale vegar | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 |
| Bruer og vegsikring | 500 | 300 | 300 | 300 |
| Trafikktryggingstiltak Våge 2019 | 300 | 300 | 300 | 300 |
| Gatelys Hateldalen | | | 800 | |
| Gatelys Skarpa | 600 | | | |
| Gatelys Bjergelia | | 600 | | |
| Utbygging tele og breiband | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1000 |
| Sum | 4 400 | 4 200 | 4 400 | 3 600 |
| **Vatn og avlaup - sjølvkost** | | | | |
| Vassforsyning Ventilkryss | 150 | | | |
| Rehabilitering av avlaupspumpestasjon Flekke | 250 | | | |
| Ny pumpestasjon Longehogen | 250 | | | |
| Overvakninssystem Haugland | 300 | | | |
| Overvakingssystem Hatledalen | | 100 | | |
| | 950 | 100 | 0 | 0 |
| **Kommunale formålsbygg** | | | | |
| Brannstasjon - Forprosjekt | 500 | | | |
| Fjaler sjukeheim kontor | 900 | | | |
| Fjaler sjukeheim sansehage | 250 | | | |
| Fjaler sjukeheim Signalanlegg | 130 | | | |
| Fjaler sjukeheim nytt medisinrom | 800 | | | |
| Svehogen - heimetenestene | 900 | | | |
| Omsorgsbustader - forprosjekt | 500 | | | |
| Dingemoen skule | 91 000 | 63 000 | | |
| Fjalerhuset - Brannsikring | | | 1500 | |
| Kommunale bygg oppgradering | 1 500 | 1 500 | 1500 | 1 500 |
| Flekke barnehage parkeringsbod | 250 | | | |
| Sum | 96 730 | 64 500 | 3 000 | 1 500 |
| **Kommunale Bygg** | | | | |
| Tettstadprosjekt dale | 650 | 3 500 | | |
| Flytting av kommunal utleigebustad | 500 | | | |
| Sum | 1 150 | 3 500 | 0 | 0 |
| **IKT** | | | | |
| Ny plattform RiskManager (kvalitetshandbok) | 170 | | | |
| Fagsystem Helse og omsorg | 300 | | | |
| Velferdteknologi -utstyr | 400 | | | |
| Geovekst | 423 | | | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 1 293 | 0 | | 1 293 |
| **Kyrkje og Kultur** | | | | |
| Gravplass | 300 | | | |
| Folkestad Reiskapshus | 400 | | | |
| Dale Kyrkje | | 600 | | |
| Samvirket - Brann og ledelys | 800 | | | |
| Samvirket - forprosjekt | 1 000 | | | |
| Sum | 2 500 | 600 | 0 | 0 |
| **Utstyr** | | | | |
| Brannhydrant sentrum | 100 | | | |
| Brannvern - tankvogn | | 2 000 | | |
| Sum | 0 | 2 000 | 0 | 0 |
| Utarbeiding av klima om miljøplan | 200 | | | |
| Sum | | 0 | | |
| KLP - Eigenkapitalinnskot | 808 | 844 | 882 | 920 |
| Sum | 808 | 844 | 882 | 920 |
| **Sum** | **107 831** | **75 744** | **8 282** | **7 313** |

| **Finansiering** | **2020** | **2021** | **2022** | **2023** |
|---|---|---|---|---|
| Momskompensasjon | -20 960 | -11 152 | -1 450 | -1 000 |
| Bruk av fond/ ovf frå drift | -808 | -844 | -882 | -920 |
| Låneopptak | -63 723 | -63 748 | -5 950 | -5 393 |
| Ubrukte lånemidlar for 2019 | -22 340 | | | |
| **Sum finansiering** | **-107 831** | **-75 744** | **-8 282** | **-7 313** |

## 9.4 omtale Investeringsprosjekt

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 1** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt namn** | Asfaltering kommunale vegar | | | |
| | | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Budsjett** | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 |
| | | | | |
| **Tekst** | Behovet for reasfaltering av vegar er aukande grunna krakilering og djupe spor. Vegstandarden er på veg nedover. Opptak av private vegar vil auke behovet for både reasfaltering og asfaltering av grusvegar. | | | |

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 2** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt namn** | Bruer og vegsikring | | | |
| | | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Budsjett** | 500 | 500 | 500 | 500 |
| | | | | |
| **Tekst** | Nødvendig vedlikehald på bruer og oppsetting av rekkverk på utsette stader. Opptak av private vegar vil auke behovet. Av den grunn er årleg beløp auka frå 300 til 500 i planperioden. | | | |

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 3** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt namn** | Trafikktryggingstiltak | | | |
| | | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Budsjett** | 300 | 300 | 300 | 300 |
| | | | | |
| **Tekst** | Eigenkapital for søknad om trafikktryggingsmidlar. Eigenandelane utgjer 1/3 av totalkostnaden. Årlege beløp er vidareføring av gjeldande økonomiplan | | | |

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 4** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt namn** | Samvirket | | | |
| | | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Budsjett** | 800 | | | |
| | | | | |
| **Tekst** | Montering av brannalarmanlegg og ledelys. Dette er krav som blir stilt i samband med bruksendring frå forretningslokale til forsamlingslokale. Montering av utelys og nøkkelkortsystem er også med i prosjektet. | | | |

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 5** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt namn** | Samvirket | | | |
| | | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Budsjett** | 1 000 | | | |
| | | | | |
| **Tekst** | Skisseprosjekt knytt til langsiktig plan for bruken av Samvirket. | | | |

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 6** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt namn** | Tettstadprosjekt Dale | | | |
| | | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Budsjett** | 650 | 3 500 | | |
| | | | | |
| **Tekst** | Gjeld Melkevegen. I 2020 er det tenkt planlegging/prosjektering av løysingar. Vidare er det tenkt innkjøp av nokre utemøblar, plantekassar m.m. som kan plasserast ut når byggearbeidet på Dale Senter er ferdig. Dette for å kunne ta området i bruk som bilfritt område inntil ei endeleg løysing er valt. I 2021 er det tenkt utbygging av dei planlagde permanente løysingane. Kostnad er stipulert i samband med skisseprosjekt i 2018. Det kan søkjast om tettstadmidlar til sjøve utbygginga. | | | |

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 7** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt namn** | Kommunale vassforsyningsanlegg | | | |
| | | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Budsjett** | 250 | | | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | |
| **Tekst** | Ny pumpestasjon Langehogen, inkludert overvakingsstyring. Dagens stasjon er frå tidleg 90-tal, og må skiftast. Samsvarer med gjeldande økonomiplan | | | |

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 8** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt namn** | Flytting av kommunal utleigebustad | | | |
| | | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Budsjett** | 500 | | | |
| | | | | |
| **Tekst** | I samband med bygging av ny kaldhall må utleigebustaden flyttast. Endeleg plassering er ikkje fastlagt. | | | |
| **Byggenemnd** | | | | |

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 9** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt namn** | Kommunale vassforsyningsanlegg | | | |
| | | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Budsjett** | 300 | | | |
| | | | | |
| **Tekst** | Overvakingssystem Haugland. Samsvarer med gjeldande økonomiplan. | | | |

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 10** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt namn** | Ny brannstasjon | | | |
| | | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Budsjett** | 500 | | | |
| | | | | |
| **Tekst** | Planane om felles beredskapsbygg er skrinlagde. Det inneber at ny brannstasjon må vidareførast som eige prosjekt, og tilfredsstille | | | |

| | |
|---|---|
| | Arbeidstilsynet sine pålegg. Det vert no jobba med lokalisering, ny gjennomgang av arealbehov og avklaringar i forhold til Sivilforsvaret. Oppstart utbygging i 2021 - kostnader må avklarast i forprosjektet |

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 11** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt namn** | Flekke barnehage - parkeringsbod | | | |
| | | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Budsjett** | 250 | | | |
| | | | | |
| **Tekst** | Fram til no har Flekke barnehage nytta eit rom på skulen til å parkere barnevogner. Elevtalet på skulen har auka, og skulen treng no dette rommet til undervisning. Barnehagen treng ei ny frittståande isolert bod med varme som skal nyttast til parkering av barnevogner. | | | |

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 12** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt namn** | Sjukeheimen - kontor | | | |
| | | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Budsjett** | 900 | | | |
| | | | | |
| **Tekst** | Som følgje av omorganiseringa i BIO trengst det fleire kontor i 3. etasje på sjukeheimen. Eksisterande hybelleilegheit er tenkt ombygd til 3-4 kontor. | | | |

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 13** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt namn** | Dingemoen 1- 10 skule | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Budsjett** | 91 000 | 63 000 | | |
| | | | | |
| **Tekst** | Bygging av nys 1.10 skule på Dingemoen - har vore handsama som eiga sak. | | | |

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 14** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt namn** | Heimetenestene - Svehogen | | | |
| | | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Budsjett** | 900 | | | |
| | | | | |
| **Tekst** | Som følgje av omorganiseringa i BIO skal heimeteneste ha base i Svehogen. Eksisterande hybelleilegheit er tenk ombygd til nytt medisinrom, eit kontor og garderobe for begge kjønn. | | | |

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 15** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt namn** | Sjukeheimen - Sansehagen | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Budsjett** | 250 | | | |
| | | | | |
| **Tekst** | Nytt gjerde rundt sansehagen. Eksisterande er øydelagt og må skiftast. Behov for sikring av området. | | | |

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 16** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt namn** | Fjalerhuset - brannsikring | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Budsjett** | | | 1 500 | |
| | | | | |
| **Tekst** | Det er ikkje brannvarslingsanlegg på Fjalerhuset. Trengst for å sikre dei verdiane (historiske arkiv m.m.) som bygget husar, og for å oppgradere til dagens byggtekniske krav. Jfr. pålegg etter branntilsyn. Samsvarer med gjeldande økonomiplan. | | | |

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 17** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt namn** | Sjukeheimen - signalanlegg | | | |
| | | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Budsjett** | 130 | | | |
| | | | | |
| **Tekst** | Oppgradering av signalanlegg | | | |

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 18** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt namn** | Heildøgnsbemanna omsorgsbustader | | | |
| | | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Budsjett** | 500 | | | |
| | | | | |
| **Tekst** | Det bør byggast 8 nye heildøgnsbemanna omsorgsbustader for å dekke behovet i høve auke i tal eldre. Vi har i dag ikkje heildøgnsbemanna omsorgsbustader. Ein ynskjer å å satse på denne buforma framover. Det er meir kostnadseffektivt enn institusjon og i tråd med nasjonale føringar, Fjaler kommune sin helsestrategi og gjeldande økonomiplan. Oppstart i 2020 med forprosjekt for avklaring av arealbehov, lokalisering, planarbeid mm.<br>Det er ikkje lagt inn midlar til oppstar - her må vi avvente forprosjektet. | | | |

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 19** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt namn** | Gatelys - Hatledalen | | | |
| | | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Budsjett** | | | 800 | |
| | | | | |
| **Tekst** | Behov for oppgradering av eksisterande anlegg og nytt anlegg på strekningar utan gatelys | | | |

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 20** |
|---|---|
| **Prosjekt namn** | Kommunale bygg - Oppgradering |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Budsjett** | 1 500 | 1 500 | 1 500 | 1 500 |
| | | | | |
| **Tekst** | Er i gang med oppgradering av kommunale bygg og leiligheiter, men det er fortsatt stort etterslep. Samsvarer med gjeldande økonomiplan. | | | |

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 21** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt namn** | Brannhydrant sentrum | | | |
| | | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Budsjett** | 100 | | | |
| | | | | |
| **Tekst** | Ombygging Dale senter krev auka vannleveranse for å ivareta brannsikkerheita i sentrum. Ny forskrift krev brannvatn maks 50 m frå inngangsparti. For å stette kravet må ny brannhdrant etablerast | | | |

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 22** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt namn** | Fagsystem Helse og omsorg | | | |
| | | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Budsjett** | 300 | | | |
| | | | | |
| **Tekst** | Kommunane i sys-samarbeidet skal innføre nytt fagsystem på . Bakgrunnen er at alle kommunane skal ha likt fagsystem. Gevinst mtp drift og felles prosjekt som td innføring av velferdsteknologi. | | | |

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 23** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt namn** | Velferdsteknologi | | | |
| | | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Budsjett** | 400 | | | |
| | | | | |
| **Tekst** | Fjaler har motteke midlar frå Helsedirektoratet saman med ni andre kommunar i SFJ til felles prosjekt på velferdsteknologi. Tillegg til | | | |

| | |
|---|---|
| | midlane vil kommunane få rettleiing og støtte frå det nasjonale programmet, og frå ressurskommunar som har gjort seg erfaringar med implementeringa. Viktig at kommunen har eigne økonomiske midlar slik at ein får gjennomført anbefalingane i prosjektet. Midlane blir brukt til innkjøp av utstyr og blir forvalta etter anbefalingar i samarbeid med dei ulike arbeidslaga i kommunen, prosjektet og nasjonale føringar. |

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 24** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt namn** | Kommunale avløpsanlegg | | | |
| | | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Budsjett** | 250 | | | |
| | | | | |
| **Tekst** | Rehabilitering av avløpspumpestasjon i Flekke bustadfelt. Pumpestasjonen er forelda og må fornyast. Stasjonen har hatt fleire driftstans og har ikkje tilfredstillande driftsikkerheit eller overløp ved driftstans | | | |

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 25** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt namn** | Gravplass i Dale | | | |
| | | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Budsjett** | 300 | | | |
| | | | | |
| **Tekst** | Det er behov for ny gravplass i Dale grunna mangel av plass på den eksisterande. Skisseprosjekt er utarbeidd. Behov for vidare detaljplanlegging og prosjektering. Oppstart utbygging i 2021 - kostnader er grovkalkulert til 20 mill, men må avklarast i forprosjektet | | | |

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 26** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt namn** | Gatelys Skarpavegen | | | |
| | | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Budsjett** | 600 | | | |
| | | | | |
| **Tekst** | | | | |

| | |
|---|---|
| | Vegen er regulert som gang- og sykkelveg der kun køyring til eigedommane er tillate. Skuleveg frå Yksnebjør. Strekningene er heilt utan gatelys og kommunen har motteke fleire ynskjer om lys på denne vegen. Bør prioriterast. |

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 27** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt namn** | Dale Kyrkje | | | |
| | | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Budsjett** | | 500 | | |
| | | | | |
| **Tekst** | Utvendig oppgradering. Samsvarer med gjeldande økonomiplan. | | | |

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 29** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt namn** | Vassforsyning - ventilkryss | | | |
| | | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Budsjett** | 150 | | | |
| | | | | |
| **Tekst** | 2 ventilkryss på Bjerga må fornyast. Ventilane er defekte, gamle og montert i for liten kum. Heile vestsida av elva mistar vatnet ved skade eller rørbrudd. | | | |

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 31** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt namn** | Gatelys Bjergelia | | | |
| | | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Budsjett** | | 600 | | |
| | | | | |
| **Tekst** | Oppsetting av rekkverk medfører at eksisterande gatelyskabel må flyttast. Ved flytting/fornying av nettkabel bør heile anlegget fornyast med fullverdig belysning. | | | |

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 31** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt namn** | Ny tankvogn til brannvesenet | | | |
| | | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Budsjett** | | 2 000 | | |
| | | | | |
| **Tekst** | Dagens tankvogn er -94 mod. Store vedlikehaldsutgifter. Samsvarer med gjeldande økonomiplan. | | | |

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 32** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt namn** | Klima og Miljøplan | | | |
| | | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Budsjett** | 200 | | | |
| | | | | |
| **Tekst** | Det er behov for å lage ny klima-og miljøplan. Samsvarer med gjeldande økonomiplan. | | | |

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 33** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt namn** | KLP Eigenkapitainnskot | | | |
| | | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Budsjett** | 941 | 1 016 | 1 091 | 1 166 |
| | | | | |
| **Tekst** | Fjaler kommune har den kollektive pensjonssparing I KLP. Kommunen må kvart år inn med eit eigenkapitalinnskot i selskapet. | | | |

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 33** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt namn** | Utbygging av Breiband- og teledekning | | | |
| | | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Budsjett** | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| | | | | |
| **Tekst** | | | | |

| | |
|---|---|
| | Det er lagt inn ein årleg eigenandel for utbygging av breiband- og teledekning i kommunen. Samsvarer med gjeldande økonomiplan. |

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 34** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt namn** | Kommunale vassforsyningsanlegg | | | |
| | | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Budsjett** | | 100 | | |
| | | | | |
| **Tekst** | Nytt overvåkingssystem Hatledalen | | | |

| **Prosjekt nr** | **Prosjekt 35** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt namn** | Geovekst | | | |
| | | | | |
| **Økonomiplan** | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Budsjett** | 423 | | | |
| | | | | |
| **Tekst** | Er eit samarbeid om felles etablering, forvaltning, drift og vedlikehald og bruka av geografisk informasjon. Det er utarbeidd ein geodataplan for Vestland fylke 2020-2023 og for Fjaler er det planlagt nye FKB-B data (Med ortofota) | | | |

## 9.5 Obligatoriske skjema